

- Som bønder i Ørsta er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa. Det er meiningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meiningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Ørsta.

- Veit du dette om landbruket i Ørsta:

Ørsta er den **trejde største jordbrukskommunen i fylket** i antal gardsbruk. I 2019 var det **172 gardsbruk i drift** i Ørsta (346 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 195 dekar** (122 dekar i år 2000).

Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.

Det vert utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. I Ørsta har **76 gardsbruk produksjon av storfekjøtt**, av desse 59 mjølkebruk. Det er 66 sauebruk, 4 geitebruk, 4 bruk med gris og 11 bruk med ammekyr i kommunen.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling, sal av gardsmat, og har bygd fleire småkraftverk.

Tine i Ørsta med 47 tilsette er åleine i landet om å produsere **flaggskipa Snøfrisk** av geitmjølk **og Edamerost**. Meieriet tek mot 26 mill. liter kumjølkk og 2,7 mill. liter geitemjølkk i året

Norangsdalen har det **største pelsdyrmiljøet** i Møre og Romsdal.

I Ørsta er det fleire bedrifter og maskinfirma innan landbruket. Ørsta kommune har satsa på ei **aktiv landbruksforvaltning**. Det er dei siste åra bygd fleire nye fjøs.

Ørsta har **7 prosent av både mjølkemengda og kjøttproduksjonen** i fylket. Er av dei **største geitekommunane i Sør-Norge**.

Samla er **husdyrhaldet i Ørsta ein stor buskap**: 1350 mjølkekyr, 2.700 ammekyr/andre storfe, 5.950 sau og lam, 2.300 griser og 600 mjølkegeiter.

Det vert dyrka vel **33.600 dekar jordbruksareal** (42.200 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite, som er **6,5 prosent av jordbruksarealet i M&R**. Vidare **113.000 dekar produktivt skogareal** med furu, gran og lauvtre

Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Ørsta hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 117,5 millionar kroner** i året.

Av dette hadde ku- og geitmjølkebruka inkl. kjøttproduksjon 83 prosent av omsetnaden og sauehaldet 10 prosent.

Det allsidige landbruket i Ørsta skaper i tillegg verdiar frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar og i skogen, brøyting av vegar og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **9,1 millionar liter kumjølkk frå 59 mjølkebruk** (179 mjølkebruk og 10,5 mill. liter i år 2000), og **382.000 liter geitemjølkk frå 4 geitebruk**. Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjølkk, ost og andre meieriprodukt til vel 31.500 personar. Gjennomsnittleg har kumjølkebruka 23 kyr og leverer årleg 154.000 liter mjølkk (11 kyr og 55.800 liter i år 2000).

I 2019 vart det produsert vel **716.000 kg kjøtt** i Ørsta, av dette vel 405.000 kilo storfekjøtt, 239.000 kilo svinekjøtt, 67.000 kilo sauekjøtt og 5.300 kilo geit/kje-kjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til vel 10.000 personar, eller mange av befolkninga i kommunen.

Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon

Bøndene i Ørsta er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

Landbruksnæringa si hovudoppgåve er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

Norge har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitikkk. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnadar er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

Bonden og landbruksnæringa i Ørsta gir Mat, Miljø og levande Bygder



- Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020



Landbruket i Ørsta

- * 172 bruk i drift, av desse 76 med storfekjøtt
- * 59 mjølkebruk, 4 geitebruk og 66 sauebruk
- * Tredje største landbrukskommunen i fylket
- * Produserer vel 7% av mjølka og kjøtet i fylket
- * Tine-meieri
- * Kultur- og fjordlandskap av verdsformat
- * Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen



Foto: Ørsta kommune



ØRSTA
BONDELAG



HJØRUNDFJORD
BONDELAG



AUSTEFJORD
OG BJØRKE
BONDELAG